



Notat

Til: Mette Robertsen

Kopi til:

Saksbehandler: Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning/Linda Hammersvik
Folkestad

Vår referanse: 21/9084 - 6 / GBNR-123/87, FA-L42

Dato: 03.01.2022

Emne: Intern oversendelse - notat - gbnr 123/87 Risa

Tiltak: Tomannsbustad
Byggjestad: Gbnr: 123/87
Tiltakshavar: Helland Eiendom & Invest AS
Ansvarleg søkjar: Bygg & Eiendom Vest AS

Viser til førespurnad om uttale vedkommande Ett-trinns søknad med vedlegg mottek 31.12.2021. Det søkes om løyve til oppføring av vertikaldelt tomannsbustad og etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg.



Fig 1. siktzone vist i søknad




Fig 2. siktzone etter minste krav til sikt

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har følgjande kommentarar til søknad:

Siktzone som er vist på situasjonsplan vedlagt søknad (fig 1) er målt til 1 x 20 meter. Siktzone stetter ikkje minste krav til sikt. Siktzone er målt frå vegmid og ikkje frå kant kommunal veg. Siktende skal målast til midt kjørefelt (kjørefelt = vegbreidde : 2).

Når ein legg inn minste krav til sikt (Fig 2), vil delar av den eine parkeringsplassen og planlagt skråning (høgde 0,63 m) komme i konflikt med siktsona. Parkeringsplasser, samt skråningar som er høgare enn 0,5 over kommunalt vegnivå, kan ikkje etablerast i siktsoner. Skråning som vist i på teikningar kan òg utløyse krav om fallsikring i form av rekkverk/gjerde (jf. TEK 17 § 8-3 3.ledd bokstav b).

Langs kommunal veg skal det være grøfteareal. Grøft skal ha ei breidde på minimum 1,0 meter. Krav til breidde skal sikre at kommunen kan drifte- og vedlikehalde kommunalteknisk anlegg (grøft,veg,leidningsnett med meir) med maskinelt utstyr. Av innsendt teikning (i byggesaka) ser det ut som at skråning kjem nærare kommunal veg enn dette.

Det vert òg sett krav om at det under avkjørsla skal leggst ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggst slik at overvatn frå vegggrøft får fritt løp inn og ut av røret.

Når det gjelder tiltak som skal utførast langs offentleg veg, skal dette ha godkjenning i form av dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg eller løyve etter Veglova § 57. I begge tilfeller vil vegmynde setje krav til tiltaket.

Det er ikkje sendt inn lengdesnitt gjennom avkjørsla som viser avkjørsla sin geometriske utforming. Vegdirektoratet har i forskrift satt krav til korleis avkjørslar skal være utforma. www.lovdatab.no/dokument/SF/forskrift/1964-07-16-3905.

Svingradius er målt til $R = 4$ meter. Dette er ihht krav gitt i forskrift. Ein bør passe på at det er nok areal til at kjøretøy som skal ut i kommunal veg kan plassere seg vinkelrett på kommunal veg.

Før vi gir endeleg uttale, ber vi om følgjande dokumentasjon:

Situasjonsplan som viser avkjørslar med svingradius og siktsone 3 x 20 meter. Parkeringsareal må leggst utanfor siktsone. Vi ber om at grøfteareal mellom kommunal veg og parkeringsareal vert vist på planen.

Nye lengdesnitt som viser ny situasjon. Avstander og høgder skal være målsette.

Lengdesnitt gjennom avkjørslar som viser avkjørsla sin geometriske utforming.